

KOMMISJONSDIREKTIV 2003/29/EF

2005/EØS/49/34

av 7. april 2003

om fjerde tilpassing til den tekniske utviklinga av rådsdirektiv 96/49/EF om tilnærming av lovgjevinga i medlemsstatane om jarnbanetransport av farleg gods(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 96/49/EF av 23. juli 1996 om tilnærming av lovgjevinga i medlemsstatane om jarnbanetransport av farleg gods⁽¹⁾, sist endra ved kommisjonsdirektiv 2001/6/EF⁽²⁾, særleg artikkel 8, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Vedlegget til direktiv 96/49/EF inneheld reglementet for internasjonal jarnbanetransport av farleg gods, vanlegvis kalla «RID», slik det gjeld frå 1. juli 2001.
- 2) RID vert ajourført annakvart år og følgjeleg tek ei ny utgåve til å gjelde 1. januar 2003, med ein overgangsperiode inntil 30. juni 2003.
- 3) Det er difor naudsynt å endre vedlegget til direktiv 96/49/EF.
- 4) Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for transport av farleg gods, som er nemnt i artikkel 9 i direktiv 96/49/EF —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

Vedlegget til direktiv 96/49/EF skal lyde:

«VEDLEGG

Reglement for internasjonal jarnbanetransport av farleg gods (RID), som er vedlegg I til tillegg B til COTIF, slik det gjeld frå 1. januar 2003, med den føresetnaden at

«stater som har undertegnet» og «statene eller jernbanene» vert bytte ut med «medlemsstat».

Endringane til 2003-utgåva av RID vil verte kunngjorde så snart teksta ligg føre på alle dei offisielle språka til Fellesskapet.»

Artikkel 2

1. Medlemsstatane skal innan 1. juli 2003 setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks melde frå til Kommisjonen om dette.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommisjonen teksta til dei internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

Artikkel 3

Dette direktivet tek til å gjelde dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Artikkel 4

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 7. april 2003.

For Kommisjonen

Loyola DE PALACIO

Visepresident

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 90 av 8.4.2003, s. 47, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 118/2003 av 26. september 2003 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport), se *EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende* nr. 64 av 18.12.2003, s. 24.

⁽¹⁾ TEF L 235 av 17.9.1996, s. 25.

⁽²⁾ TEF L 30 av 1.2.2001, s. 42.